

Transformatorkrins *Hoammen*

Nr. *9.*

*L. J. Hoammen*

# Kontrakt

om abonnement på elektrisk kraft

frå

*L/L Lavik Kraftlag.*

På kraftlaget sine vilkår, som står på neste og fylgjande sidor, tar kraftlaget på seg å levere og bind underskrivne abonnent seg å ta imot elektrisk kraft etter den spesifikasjon som kjem her:

Fast abonnement: *1.* kW. Tariff *A.*

Aarspris kr. *125.-* Overforbruk etter ..... øre pr. kWh.

Målarleige kr. *2.63* om året

Til saman Kr. *127.63* om året

Abonement på kWh-målar: ..... kW. Tariff .....

Minstepris om året ..... kr. Pris pr. kWh. ....

Målarleige om året .....

Opplysningar: Talet på huslydar: *1* Talet på personar *2*

Gardsnamn *Hoammen* Gards nr. *5.* Bruks nr. *3.*

Herad *Lavik*

*Lavik* den *10/9-1943.* *Lavik* den *2/9 43*

L/L Lavik Kraftlag

*Berg Raar*  
Driftsingenør

*L. J. Hoammen*

(underskrift til abonnenten)

(adresse)

Som huseigar gir eg hermed mitt samtykke til ovannemnde abonnement.

(huseigar)

# Vilkår

for levering av elektrisk kraft frå

## L/L LAVIK KRAFTLAG

Vedtekne på årsmøte den 11. mars 1943.

### § 1.

I dei strok der kraftlaget har lågspente fordelingslinor, vil alle til vanleg kunne få elektrisk kraft så langt som leidningsnett og andre driftsgreier gir høve til det og så framt dei respektive hus- eller grunneigarar samtykkjer i at ein får sette opp dei master, feste etc. som ein måtte trenge.

### § 2.

Kraftlaget tar seg undan rett til med eit varsel på 10 dagar å stogge kraftleveringa ein gong årleg for 8 dagar i det meste, så ein kan ta turvande reparasjonar og utvidingar. Så langt råd er skal ein ta denne stoggen i månadene juni, juli eller august, men om det vert turvande, kan ein gjere det på annan tid.

Likeeins vil ein ha rett til, utan varsel, å stogge drifta på søn- og helgedagar, slik at ein kan pusse og sjå etter anlegget i det mon det trengs.

Når stikkleidningar o. l. skal knytast til, kan ein skilde deler av fordelingsnettet koplast frå så lenge arbeidet står på. Abonmentane skal så langt råd er varslast om stoggen vert lenger.

All stogg skal ordnast slik at drifta vert minst mogleg avbroten eller skipla for abonmentane.

Dersom ein skulle finne det naudsynt av omsyn til kraftlaget sine interesser eller om ekstraordinære tilhøve skulle krevja det, kan styre i karftlaget gi påbod om å stogga drifta heilt eller delvis. Abonmentane må så få varsel så langt råd er.

Om drifta stoggar eller kjem i ugreie fører ikkje dette annan skyldnad med seg for kraftlaget enn snøggast råd er å få i gong stødig drift att. Abonmentane vil såleis ikkje kunne krevje skadebot på grunn av ugreie i drifta eller stogging av annan årsak som kraftlaget ikkje er herre over.

Kraftlaget tar ikkje noko ansvar på seg for spenningsvariasjonar eller for skade eller tap valda av lauseld, som elektrisitet måtte ha skuld i.

### § 3.

Den elektriske krafta vert til vanleg levera som trefasa vekselstraum ved ca. 220 volt og 50 per. pr. sekund.

Ved større forbruk vil ein etter semje kunne sette opp eigne transformatorar, og krafta vil

ein då unnataksvis kunne levere ved ein annan spenning enn den som før er nemnd.

### § 4.

Søknad om kraft eller melding om brigde i abonnement som ein alt har, må ein sende skriftleg til kraftlaget sine kontor.

Eig ikkje abonmenten huset, trengs skriftleg samtykkje frå eigaren.

Kontrakter om levering av elektrisk kraft vert skrivne på skjema for dette føremål, og dei får ein utlevert på kraftlaget sine kontor.

Abonmentane må syte for fri grunn for lågspenteleidningane.

### § 5.

Kraftlaget legg stikkleidning frå den staden på fordelingsnettet, som laget fastset og til det punktet hjå forbrukaren som er det høvelegaste for laget. Skulle abonmenten ynskje inntaket sitt på ein annan stad, ber han sjølv dei kostnader som dette valdar.

Dei interesserte har å føre fram frå næraste lagerplass dei mastene som trengst til dei lågspente leidningane. Styret kan likevel under særlege tilhøve dispensere frå denne føresegna.

Dersom dei interesserte kan skaffe brukande stolpar til stikkleidningar pliktar dei å levere dei til dagsprisen på tømmer på vedkomande stad.

Spesielle stikkleidningar set ein som regel ikkje opp, mindre abonmenten si avgift står i eit rimeleg høve til kraftlaget sine utlogor til vedkomande leidning.

Alle leidningar er kraftlaget sin eigedom, endå om dei vert greidde med tilskot frå abonmenten.

Berre kraftlaget sjølv eller dei installatørar som dette har autorisert kan gjere installasjonsarbeid. Alle anlegg må ein lage i samsvar med staten sine «Forskrifter for elektriske anlegg».

Før eit anlegg kan knytast til fordelingsnettet, skal kraftlaget fare over, prøve og godkjenne det. Kraftlaget knyter det sjølv til. Ei slik kodkjenning fører likevel ikkje med seg noko ansvar for kraftlaget.

Ovannemnde gjeld også for all utviding og alle brigde i anlegg som ein alt har.

Søknad om overfaring sender vedkomande skriftleg på dei blankettane som er laga til dette. Blankettane vert underskrivne av abonmenten og dei må vere framkomne til kraftlaget

minst 14 dagar føreåt. Eventuelle feilar ved anlegget må rettast før det kan knytast til.

Kjem det seinare opp feilar ved eit anlegg, må dei med ein gong verte retta. Såframt dette ikkje vert gjort innan fastsett frist, held kraftlaget seg undan rett til å kople i frå vedkomande til dess anlegget er kome i orden att. For ei slik ny tilknytning betalar ein kr. 5.—. Slike avbrot fører ikkje med seg noko avbrot i abonnementsavgifta.

All slags skading av stikkledning eller installasjon er forboden og vil føre til fråkopling med ein gong, samstundes som vedkomande vil kunne dragast til ansvar for skaden som er valda.

#### § 6.

Eit abonnement er bindande i minst 3 — tre — år. Deretter kan det seiast opp eller setjast ned til kvart årsskifte med 3 — tre — månaders skriftleg varsel.

Abonnementet gjeld frå den dagen kraftlaget har ført stikkledning fram til abonnenten og det ikkje er noko i vegen frå kraftlaget si side for å byrje leveringa.

#### § 7.

Den elektriske krafta vert levert til fylgjande prisar:

### TARIFF A.

#### Kraft til kombinert bruk.

Ein skal betale ein tilknytingsavgift på kr. 25.— om året + kr. 10.— pr. 100 watt pr. år.

100 watt kostar	kr. 35.—
200 » »	» 45.—
300 » »	» 55.—
400 » »	» 65.—
500 » »	» 75.—
600 » »	» 85.—
700 » »	» 95.—
800 » »	» 105.—
900 » »	» 115.—
1000 » »	» 125.—

For høgre abonnement er tilleggspisen kr. 100.— pr. kw år. For abonnement over 3 kw kan det gjerast seravtale med styret.

Krafta vert avgrensa med vippe. For denne skal ein betale ei årleg leige på minst 14 % av kostnaden.

### TARIFF B.

Krafta kan nyttast til motordrift, oppvarming, teknisk og industriell bruk, men ikkje til lys, motorar som driv lysmaskiner, koking o. l.

Ein betalar ei grunnavgift på kr. 45.— pr. maksimalt nytta kW i året + 2.5 øre pr. brukt kWh.

Årsavgifta skal likevel vera minst kr. 25.— pr. innstallert kW.

Ved forbruk over 20 kW må ein lage serleg avtale.

Krafta vert målt med kWh-målar med maksimalvisar. For denne må ein betale minst 14 % av kostnaden.

### TARIFF C.

#### Tariff C 1. Fast abonnement med overforbruk.

Til husbruk, gardsbruk o. l. der lysforbruket er normalt og ved abonnement på minst 1.5 kW etter tariff A, er det høve til å ta ut overforbruk til ein pris av 6 øre pr. kWh.

Tariffen kan og nyttast til bakeri og til koking og steiking på fabrikkvis.

Målarleige minst kr. 10.— pr. år for målarvisar og minst 14 % av kostnaden for store-målarvisarar.

#### Tariff C 2. Større fast abonnement med overforbruk.

Minste abonnement 5 kW.

Lys vert rekna etter 20 watt pr. lampepunkt eller enkel stikkontakt og betalinga vert etter tariff A.

Koking vert rekna etter 1.0 kW for inntil 5 huslydsmedlemer med eit tillegg av 200 watt for kvart medlem meir og vert betalt med kr. 12.50 pr. 100 watt.

For hotell, hospital o.l. med skiftande innlegg reknar ein straumen til koking etter 50 % av forbruket åt dei fast installerte kokeapparata.

Oppvarming etter tinging og vert å betala etter kr. 80.— pr. kW år.

Overforbruk betalar ein etter 4 øre pr. kWh.

Ved C 1 og C 2 nyttar ein overforbruksmålar og kraftlaget avgjer til ei kvar tid og i kvart einskildt tilfelle om ein kan levere overforbruk og kor mykje. Ein lyt nemleg ta omsyn til disponibel kraft, maskininstallasjon og ledningsnett si yteevne.

Målarleige som under C 1.

#### Tariff C 3. Abonnement ved stuttare opphald.

Som regel gjeld det at eige hushald alltid skal ha eige abonnement. Ved sommaropphald eller andre stuttare innlosjeringar kan ein gi høve til at vedkomande får kraft på husverten sitt abonnement. I slike høve fastset kraftlaget det tillegget som ein skal krevje hjå husverten.

### TARIFF D.

#### Abonnement på kWh-målar.

1. For sjøhus, slippar og liknande verksemdar, som berre er i gong stutt tid av året, er det høve til å få leige kraft til ein pris av kr. 0.50 pr. kWh utan grunnpris, så framt ein kan få tilknytning istand utan utloge for kraftlaget.

Kraftlaget held seg undan rett til å avgjere om denne eller tariff A skal nyttast i kvart einskildt tilfelle.

## 2. Kraft til turkeverk.

Til turkeverk som nyttar elektrisk kraft både til oppvarming og motordrift sel ein inntil vidare krafta til ein pris av 3 øre pr. kWh med ei minste årsavgift av kr. 25.— pr. innstallert kW. Turkeverk som ikkje brukar elektrisk kraft til oppvarming, men berre til motordrift, lyt betale 5 øre pr. kWh med ei minste avgift av kr. 50.— pr. kW år innstallert.

## 3. Kraft til mindre motorar, til gardsdrift, sagbruk, småverkstader o. l.

Til mindre motorar til gardsbruk, sagbruk o. l. sel ein krafta inntil vidare til ein pris av 15 øre pr. kWh med ein minste årsavgift av kr. 25.— pr. innstallert kW for abonnement over 4 kW.

Kraft til lys betalar ein etter tariff A.

## 4. Kraft til mindre transportable motorar, til treskeverk o. l.

Krafta sel ein inntil vidare for 50 øre pr. kWh utan minsteavgift.

## 4. Tariff for kyrkjer, skular etc.

Ein betalar 6 øre pr. kWh. Krafta kan nyttast til lys, oppvarming, orgelmotor o. l. Ein betalar ein minstepris av kr. 35.— for mindre landskyrkjer og kr. 100.— for større kyrkjer, som vert oftare brukt. I tillegg til dette betalar ein vanleg målarleige.

For mindre skulehus og forsamlingslokaler, som berre er i bruk ei stuttare tid av året, betalar ein for kraft til lys kr. 30.— pr. år for bygningar med inntil 2 rom med vanleg tillegg av kr. 10.— pr. rom for større bygningar. Til oppvarming betalar ein 6 øre pr. kWh.

Krafta etter D. målar ein med vanleg kWh-målar (utan maksimalvisar). For denne svarar ein ei årleg leige av minst 14 % av kostnaden.

For kraftleige som ikkje passar inn under tariffane, kan det gjerast seravtale med styret.

### § 8.

Avgifta etter fast årspris og minsteavgifta etter kWh-målar betalar ein føreåt pr. kvartal utan påkrav og overlaupsavgift etter kWh-målar på etterskot etter at målarer er avlesen.

Vert ikkje avgifta betalt på kraftlaget sitt kontor innan 14 dagar, vil sambandet med kraftlaget sitt leidningsnett som regel verte avbrote utan nærare varsel, og det kraftlaget har tilgode vil verte drive inn på rettsleg vis. Eit slikt avbrot fører ikkje med seg noko avdrag i abonnementsavgifta.

For ny tilknytning av samband som er brote på slik vis, betalar abonnenten kvar gong ei avgift av kr. 5.—. Etter 30 dagar reknar ein seg 4.5 % renter.

### § 9.

Der forbruksapparat eller lampar vert brukte i strid med tariff eller avtale, kan kraftlaget for framtida føre vedkomande abonnent over til annan tariff. Dessutan kan — etter styre si avgjerd — straumen verte stengd i inntil 6 månader. Endeleg betalar abonnenten minst 1 års avgift etter tariff A, rekna etter det forbruk som var mogeleg då kontrollen vart gjord.

Dersom kraftlaget har brote sambandet eit anlegg har med leidningsnettet, kan sambandet ikkje setjast i gang att utan at kraftlaget steller det til.

### § 10.

Tvil om kva målarer viser vert avgjord med kontrollmåling av kraftlaget. Viser denne kontrollen større avvik eller målarer ikkje har fungert, skal forbruket setjast likt medeltalet av forbruket i førre og fylgjande kvartal.

Vert det røkt etter på abonnenten sitt ynskje om målarer er rett og viser denne seg å vera i orden (+ ÷ 5 %), ber abonnenten kostnaden med etterrøkjinga.

### § 11.

Når det ved bruk av motorar og andre apparat kjem fram nokoslags leidenskap for dei andre abonnentane, pliktar vedkomande abonnent med ein gong å ta rådgjerder til å bøte på dette. Dersom dette ikkje lukkast, held styret seg undan rett til å bryte av sambandet.

### § 12.

Kraftlaget sine funksjonærer skal, når dei viser fram legitimasjonskort, ferda ut av driftsledaren eller styreformannen, ha tilgjenge til kraftlaget sine målarar og til alle lokale der det fins elektriske leidningar og apparat.

### § 13.

Kraftlaget sitt årsmøte kan gjere brigde i desse føresegnene og abonnentane skal då vit-rast om det ved kunngjering ved oppslag.

Er det ikkje innan 14 dagar kome inn bod om brigde i abonnementet, så er abonnenten bunden etter dei nye vilkåra.

### § 14.

Alle tvistemål vert avgjorde av ei nemnd på 3 mann vald av årsmøtet på 3 år. Eit medlem går ut kvart år.

## L.1 Lavik Kraftlag.